

Mange vil bu i Ospelunden.

01.07.2020



Tre tomannsbustader på rekkje og rad som poppar opp i Ospelunden.

Det verkar som om interessa for Ospelunden byggjefelt berre aukar. Det er lett å forstå, for etter kvart som nye deler av byggjefeltet vert tilrettelagt, vert det meir og meir tydeleg kor vanvittig flott utsikt det er. Ein ser i alle retningar, både innover og utover, og ein har utsikt langt uti leia over dei flotte øyane. Det forklarar nok den store interessa og aktiviteten.



Eksempel på fine murar i feltet.

Denne store interessa vert også stadfesta av Oddbjørn Kroka. Han fortel at det i seinare tid har vore svært mange telefonar frå interessentar i seinare tid. Det har også resultert i mange visningar. Dersom alt går etter planen, reknar han med at det startar opp bygging av fire einebustader til hausten.

I tillegg ligg no tre tomannsbustader på rekkje og rad øvst i feltet. Den eine vart teken i bruk tidlegare i år. Neste reknar Kroka med er innflyttingsklar innan 14 dagar, og den tredje der bygginga nyleg starta, reknar han med vil bli innflyttingsklar på seinhausten. I den siste er ei av leilighetene selt, medan den andre er reservert for ein som kjem på visning i neste veke. Han fortel vidare at byggjeløyvet også er klart for ein neste tomannsbustad. Det arbeidet startar opp så fort ei av dei leilighetene er selt.

Det er svært kjekt å vera vitne til den store aktiviteten i Ospelunden. Eit anna positivt moment er det at det heile tida har vore nytta lokal arbeidskraft. Brødrene Musland Maskin AS har hatt mykje arbeid i tilrettelegginga av feltet. No nærmar det seg slutten, og det er stort sett pynting som står att. Elles har det vore brukt loale handverkarar både til grunnarbeid og i sjølve bygge prosessen.

Eg har nemnt den heilt unike utsikten i feltet. Derfor tar eg meg jamnleg turar for å nyta den. Det anbefaler eg vekeleg andre og å gjera. Eg har ikkje fotografert den fordi den må opplevast in natura for at den skal koma til sin rett. Ta ein tur i feltet og nyt den!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland